



Johanna Yri er 88, men har fullført fjelltrimmen nok eitt år

I 2011 var det berre 68 deltakarar i fjelltrimmen fordi dei unge svikta. I fjor auka talet til 131 som fullførde etter eit vellukka samarbeid med skulen. I Helgheim i morgon tysdag klokka 17.30 er det utdeling av merke og premiar for 2012.

- Turgruppa er svært nøgde med oppslutnaden, seier leiar Steinar Haugland og visar til samarbeidet. Det går ut på at alle får gratis trimkort og at vi premierar den klassen som får mest poeng i gjennomsnitt. Dette opplegget har vorte ein suksess og mange elevar deltok i fjor.

Under merkeutdelinga vert det sal av kaker, brus og kaffi og leiar i Kvinnherad Turlag Anne Kari Enes fortel om turprogrammet for dette året. Det har mykje å frista med også i Uskedalsområdet.

Av Ola Matti Mathisen